



# Vedtekter Gudbrandsdalsmusea AS

## § 1 Namn og adresse

---

Selskapet sitt namn er	Gudbrandsdalsmusea AS.
Forretningsadresse er	Botten Hansensgate 9, 2670 Otta.
Forretningskommunen er	Sel kommune (0517) i Oppland fylke (05).
Organisasjonsnummer er	9930 39 160 (mva.)

### Selskapet omfattar (for tida) fylgjande avdelingar (2016)

#### A Opplandsarkivet

*Privatarkivavdelingar* Skjåk, Vågå og Dombås - dekker dei 6 norddalskommunane.

*Folkemusikkavdelingar* Hundorp og Vågå – dekker hhv. dei 6 sør- og midtdalskommunane og dei 6 norddalskommunane.

B Friluftsmuseum *Lesja Bygdemuseum, Lom Bygdamuseum og Jutulheimen Bygdamuseum*

C Temaavdelingar *Einbustugu, Norsk Fjellmuseum, Lom Stavkyrkjesenter, Sel Bergverkssenter, Gudbrandsdal Krigsminnesamling, Dale-Gudbrands Gard med Oppland fylke sin Tusenårstad og Pilegrimssenteret, Stavkyrkjeutstillinga i Ringebu Prestegard*

D Administrasjon *Dale-Gudbrands Gard.*

## § 2 Formål

- 
- Gudbrandsdalsmusea er eit driftselskap etablert ut frå ei felles målsetting om å vera regionmuseum som skal drive og utvikle avdelingane.
  - Driftselskapet skal vera ein møtestad for arbeid med natur, kultur, kunst og kunnskap og arbeide med fortid, nåtid og framtid innan driftselskapet sitt ansvarsområde.
  - Museet skal vidareutvikle sin kompetanse innan natur- og kulturhistorie og vera aktive i utviklinga av eit kulturbasert næringsliv.
  - Selskapet kan ta på seg oppgåver for andre og eller nye einingar som ligg innanfor driftselskapet sitt formål.
  - Museet er eit non-profit selskap. Eventuelt overskott på drift skal først attende til selskapet.

## § 3 Eigedom

- 
- Kvar avdeling skal ha eit eige utval eller styre som driftselskapet har samarbeidsavtalar med.
  - Avtalen fører ikkje til endringar i eigedomstilhøvet til dei einskilde museumseigedomar, avdelingar eller samlingar.
  - Inntak av nye samlingar (gjenstandar, bygningar eller privatarkiv) skal skje i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande inntakspolitikken ved Gudbrandsdalsmusea AS.
  - Inntak skal vera regulert med aksjesjonskviktering som er gjensidige forpliktande avtalar mellom givar, alternativt utlånar, og museet. Avtalane skal regulere partane sine rettar og plikter i samband med oppbevaring, registrering og bruk av objekta – samt eventuell kassasjon.
  - Om ikkje anna er presisert i aksjesjonskvikteringa eller annan skriftleg dokumentasjon ved overtakinga, skal samlingane vera eigedomen til den aktuelle avdelinga. Alternativt kan Gudbrandsdalsmusea AS vera eigar.
  - Privatarkivsamlingane i Opplandsarkivet sine avdelingar ved Gudbrandsdalsmusea er museet sin eigedom om ikkje anna er presisert ved avtalar.

## § 4 Språk

- 
- Gudbrandsdalsmusea AS skal i hovudsak bruke nynorsk som skriftspråk.
  - Eigane av dei ulike avdelingane kan krevje at informasjon knytt åt avdelinga skal vera på anten nynorsk eller bokmål.

## § 5 Aksjekapital og overdraging av aksjar

---

Aksjekapitalen er på kr 300.000 fordelt på 100 aksjar à kr 3.000 etter fylgjande fordeling:

Lesja kommune	7 aksjar
Dovre kommune	7 aksjar
Sel kommune	7 aksjar
Skjåk kommune	7 aksjar
Lom kommune	7 aksjar
Vågå kommune	7 aksjar
Nord-Fron kommune	7 aksjar
Sør-Fron kommune	7 aksjar
Ringebu kommune	7 aksjar
Lesja Bygdemuseum	5 aksjar
Lom Bygdamuseum	5 aksjar
Jutulheimen Bygdamuseum	5 aksjar
Stiftelsen Norsk Fjellmuseum	5 aksjar
Senter for Bygdekultur v/Stiftelsen Norsk Kulturarv	4 aksjar
Stiftinga Gudbrandsdal Krigsminnesamling	5 aksjar
Stiftelsen Ringebu Prestegard	4 aksjar
Aksjar disponerte av styret	<u>4 aksjar</u>
<b>Sum</b>	<b>100 aksjar</b>

- Driftselskapet sine aksjar skal ikkje registrerast i Verdipapirsentralen.
- Overdraging av aksjar krev samtykke frå styret.
- Aksjar kan berre eigast av kommunar, andre offentlege organ, kulturelle og/eller ideelle organisasjonar. Aksjar eigde av ein som ikkje oppfyller krava i førre setninga skal overførast til Gudbrandsdalsmusea AS v/styret mot kr. 3.000 pr. aksje.
- Styret kan selja eventuelle ledige aksjar til nye kulturelle og/eller ideelle organisasjonar for kr 3.000 pr. aksje. Nye aksjeeigarar skal takast inn i 1. ledd i denne paragrafen frå neste generalforsamling. Nye aksjeeigarar får rettar og plikter jf. vedtektene som institusjonsaksjonærar alt frå fyrste generalforsamling etter at styret har selt aksje/aksjar åt dei.
- Samanslegne eller delte kommunar tek over både rettane og pliktene til dei tidlegare eigarkommunane fullt ut, så lenge dette ikkje kjem i konflikt med siste ledd i denne paragrafen.
- Ingen enkelteigar kan eige meir enn halvparten av aksjane eller på annan måte ha einsidig mandat til å ta avgjerder i selskapet.

## § 6 Overordna retningslinjer

---

- Gudbrandsdalsmusea AS kan samarbeide med offentlege myndigheiter, næringsliv og private aktørar for å utvikle selskapet i tråd med formålet i § 2.
- Gudbrandsdalsmusea AS kan ta på seg nasjonale oppgåver.
- Drifta av museet skal vera i samsvar med dei etiske retningslinjene for det internasjonale museumsforbundet ICOM.

## § 7 Styret

---

Styret i Gudbrandsdalsmusea AS har 7 medlemmer. Valperioden for alle er 2 år.

Styremedlemmene vert valde slik:

- **Dei tilsette** vel sjølve 1 styremedlem med inntil 2 personlege varamedlemmer. Valperioden bør vera 2 år og om mogeleg ta til samstundes som generalforsamlinga i "*ulike år*". Direktør har røysterett ved val av styre- og varamedlemmer, men kan ikkje veljast.
- **Aksjonærane frå Institusjonane**, dvs. aksjonærar som ikkje er kommunar eller andre offentlege organ, har 2 styremedlemmer, kvar med inntil 2 personlege varamedlemmer. Dei er på val annakvart år.
- **Kommunane Lesja, Dovre og Sel** har 1 styremedlem med 2 personlege varamedlemmer som vert valde i "*like år*".
- **Kommunane Skjåk, Lom og Vågå** har 1 styremedlem med 2 personlege varamedlemmer som vert valde i "*ulike år*".
- **Kommunane Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu** har 1 styremedlem med 2 personlege varamedlemmer som vert valde i "*like år*".
- I "*like*" år vert det vald 1 **styreleiar** med 2 personlege varamedlemmer frå kommunane.

- Styreleder og styremedlemmer i Gudbrandsdalsmusea kan maksimalt sitja inntil 4 valperioder a 2 år.
- Styret vel sjølv nestleiar, og konstituerer seg elles slik det sjølv finn praktisk.
- Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmene er til stades.
- Ved like røyster har styreleiar, eventuelt møteleiar, dobbeltrøyst.

## § 8 Valkomité

---

Valkomiteen si oppgåve er å fremje kandidatar til generalforsamlinga kvart år for dei som skal veljast.

Valkomitéen i Gudbrandsdalsmusea AS har 5 medlemmer som vert valde slik:

- **1** politisk vald medlem frå kommunane **Lesja, Dovre og Sel**. Normalt bør det vera ein ordførar.
- **1** politisk vald medlem frå kommunane **Skjåk, Lom og Vågå**. Normalt bør det vera ein ordførar.
- **1** politisk vald medlem frå kommunane **Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu**. Normalt bør det vera ein ordførar.
- **2** medlemmer frå eigarane av dei private institusjonaksjane.

**Leiar i valkomitéen** skal vera ein av kommunerepresentantane, og det er han/ho som kvart år skal ta initiativ til å starte opp arbeidet i komitéen.

- Valkomitéen vert vald på nytt på kvar ordinære generalforsamling.
- Dersom eit vald kommunemedlem ikkje kan fungere, kan ordførarane i dei 3 kommunane vedkomande er vald for, gjera eit suppleringsval.
- Viss eit medlem frå institusjonsaksjonærane ikkje kan fungere, tek det andre medlemmen initiativ til eit suppleringsval.

## § 9 Styret sine oppgåver

---

- Gudbrandsdalsmusea AS vert teikna av styreleiar og eit styremedlem i fellesskap. Styret kan gjera vedtak om å gje prokura.
- Styret har det overordna ansvaret for Gudbrandsdalsmusea AS. Dette omfattar også det faglege, strategiske, administrative og økonomiske ansvaret.
- Styret legg fram forslag til ordinær generalforsamling om val av revisor og valkomité.
- Styret skal sjå til at selskapet sine formål vert fremja i samsvar med dei vedtekne økonomiske rammene for drifta.
- Styret kan selja ledige aksjar til nye kulturelle og/eller ideelle organisasjonar.
- Styret forvaltar selskapet sine interesser med dei avgrensingar som fylgjer av gjeldande avtaler.
- Styret avgjer om forretningsføringa av selskapet si verksemd skal settast bort til andre.
- Styret tilsett, seier opp, lagar instruks for stillinga og vedtek løn for museumsdirektøren.
- Styret kan nemne opp eigne ad hoc-utval ved behov.
- Styret gjer vedtak om oppretting og avvikling av driftsavtaler eller samarbeidsavtaler med andre relevante partar.

## § 10 Museumsdirektør

---

Direktøren har det daglege ansvaret for fagleg arbeid og drift i samsvar med gjeldande avtalar og er sekretær for styret.

## § 11 Generalforsamling

---

Det er ordinær generalforsamling kvart år innan utgangen av juni månad. Varsel om dato for ordinær generalforsamling skal sendast aksjonærane seinast innan utgangen av februar, og skriftleg innkalling skal sendast med minst 14 dagar varsel.

**Den ordinære generalforsamlinga skal handsame:**

1. Godkjenning av fullmakter og innkalling.
2. Val av møteleiar, sekretær og 2 til å skrive under protokollen.
3. Godkjenning av årsmelding og årsrekneskap.
4. Disponering av overskott eller dekning av underskott i samsvar med fastsett balanse.
5. Val av styremedlemmer, varamedlemmer og styreleiar.

6. Val av valkomité etter forslag frå styret, jfr. § 8.
7. Val av revisor etter forslag frå styret, jfr. § 9. pkt. 3.
8. Eventuelt endring av vedtekter.
9. Andre saker som etter vedtektene og aksjelova høyrer inn under generalforsamlinga.
10. Eventuelle saker som styret eller eigarane legg fram.

- Val vert avgjort med vanleg fleirtal, dvs. meir enn 50 % av røystene. Andre avgjerder krev 2/3 fleirtal.
- Dei aksjar som styret disponerer, jfr. § 9 pkt. 3, har ikkje røysterett på generalforsamlinga.
- Eventuell ekstraordinær generalforsamling fylgjer av Aksjeloven § 5.6.

## § 12 Økonomi

- Alle former for tilskott, prosjektmidlar, øyremerka tilskott og pengegåver vert godskrive Gudbrandsdalsmusea AS.
- Pengegåver til ei av avdelingane kan berre nyttast til det formål gjevar har bestemt.

## § 13 Arbeidsgjevaransvar

- Gudbrandsdalsmusea AS har fullt arbeidsgjevaransvar for dei som er tilsett i museet.
- Museet skal vera medlem av ein arbeidsgjevarorganisasjon.

## § 14 Oppløysing

- Ved oppløysing vil alle driftsmidlar, samlingar og fast eigedom gå attende til dei opphavelge eigarane av avdelinga.
- Eventuelle verdjar utover dette vert fordelte i samsvar med fordeling av aksjane ved oppløysing.
- Ordførarane i eigarkommunane utgjer saman avviklingsstyret.
- Ved usemje i avviklingsstyret vert saka avgjort av Sorenskrivaren i Nord-Gudbrandsdal.
- Avgjerder etter denne paragrafen krev 2/3-fleirtal.

**Forøvrig gjeld Lov om Aksjeselskap.**

---

*Reviderte vedtekter vedtekne i  
ordinær generalforsamling 25. mai 2016*